BISPEDØMMEnytt
NR. 1 - FEBRUAR 2006

# Endring i prostiinndelinga



Seljord kyrkje. Seljord er no ein del av Vest-Telemark prosti.

AV TORMOD STENE HANSEN

**I løpet av kort tid går tre av prostane våre av med pensjon. Prost i Aust-Nedenes, Njål Klevberg, tok avskjed med kyrkjelyden 8. januar og prost Bjørn Bull Karlsen i Aust-Telemark tok avskjed 22. januar.**

Prost Leif Westermoen i Bamble prosti vi holde si avskjedspreike i Kragerø 26. mars. I september 2005 slutta Olav Rune Ertzeid som prost i Vest-Telemark. Han er no prost i Nord-Helgeland prosti. Biskop og bispedømmeråd takkar prostane for vel utført teneste. I samband med desse prosteskifta, har ein sett på prostigrensene i bispedømmet.

Hausten 2005 sendte bispedømmerådet ulike forslag til endring i prostiinndelinga ut på høyring. Forslaga omhandla prostiinndelinga i Telemark fylke og kystdistrikta aust i bispedømmet. Fleirtalet av høyringssvara gjekk inn for samanslåing av prostia i øvre Telemark og inga endring i kystområda.

Kultur- og kyrkjedepartementet har lytta til høyringane og bispedømmerådet sitt forslag. Frå 1.1.2006 er Seljord prestegjeld overført til Vest-Telemark, mens resten av Nedre Telemark prosti er slått saman med Aust-Telemark prosti.

Prostiinndelinga i kystområda aust i bispedømmet består som nå. Som ei følgje av dette, ligg sete for prosteembeta i Bø og i Tokke. Stillinga som prost i Vest-Telemark er lyst ut, mens Bjarne Sveinall no er prost i Aust-Telemark. Også prostestillingane i Aust-Nedenes og Bamble er lyste ut.

Reint konkret blir prostiinndelinga då som følgjer:

### Aust-Telemark prosti:

Notodden, Heddal, Gransherad, Lisleherad, Atrå, Austbygda, Hovin, Mæl, Rjukan, Hjartdal, Sauland, Tuddal, Helgen, Holla, Lunde og Flåbygd, Sauherad, Nes og Bø sokn.

### Vest-Telemark prosti:

Eidsborg, Mo, Skafså, Høydalsmo og Lårdal, Kvitseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesun og Kilen, Nissedal, Treungen, Fyresdal, Grungedal, Nesland, Vinje, Rauland, Møsstrond, Øyfjell, Seljord, Flatdal og Åmotsdal sokn.

MELDINGSBLAD FRÅ AGDER OG TELEMARK BISPEDØMMERÅD OG BISKOPEN I AGDER OG TELEMARK

# Hjelp i fastetiden

## Enkle gavetips i fastetiden til bruk i menighet og hjem.

AV ERLING T. JAKOBSEN

**Fastetiden er en gave hvor Gud gir enkeltmennesker og menigheter påfyll av sin kjærlighet. Men vi må stoppe opp og ta oss tid til å åpne gaven og til å dele den med våre søsken verden over.**



**Forbruk og Rettferdsgruppa i Agder og Telemark bispedømme. Fra venstre Astrid Hareide, Per Gunnar Disch, Berit Hagen Agøy og Erling Jakobsen. Arne Otto Iversen og Tor Steinar Rafoss var ikke tilstede da bildet ble tatt.**

Tør vi å dempe hverdagens travelhet noen uker og ta oss tid til ettertanke, hvor andre og ikke vi selv står i fokus? Det er også gjennom solidaritet med vår neste Gud gir oss sin kjærlighet.

Disse tekstene er hentet fra en nyutgitt fastebrosjyre som i disse dager blir sendes til menighetskontorene. Det er Biskop Olav Skjevesland og Forbruk og Rettferdsgruppa i Agder og Telemark bispedømme (FRA) som er avsendere. Brosjyren er en samling enkle gavetips til bruk i menigheter og hjem. Vi håper at brosjyren kan danne utgangspunkt for en samtale i menighetsrådet om hvordan dere markerer denne perioden i kirkeåret – og hvordan dere ønsker å markere den. Kanskje kan brosjyren også brukes i menighetens utvalg og grupper? Vi ber om at brosjyrene blir spredt og brukt, og håper at resultatet blir at dere som menighet går enda noen skritt! Rekker dere ikke så mye i år, bruk ideen i forarbeidet til neste års arbeid! Brosjyren er utarbeidet med tanke på tre års bruk. Husk de "små skritts" metode!

Flere brosjyrer kan dere få tilsendt i posten eller oversendt på e-mail og skrive ut selv. Ta kontakt på erling.theodor.jakobsen@kirken.no.

# Satsing på ungdom og misjon

AV SILJE ESPELAND JOHANNESSEN

**SMM Agder og Telemark (samarbeidsråd for kyrkjelyd og misjon) satsar på ungdom!**

SMM er eit nettverk som skal fremje samarbeidet mellom kyrkja og seks misjonsorganisasjonar – Det Norske Misjonsselskap, Normisjon, Misjonsalliansen, Israelsmisjonen, Tibetmisjonen og Areopagos. Nettverket arbeider for at kyrkjelydane i bispedømet skal styrkje fokuset sitt på misjon både lokalt og globalt. Ein måte å gjere dette på, er å rette merksemda mot misjon i dei kristne ungdomsmiljøa i bispedømet.

Ei storsatsing på dette området er eit utvekslingsprosjekt for ungdom som me vonar skal gjennomførast i løpet av 2007. Det Norske Misjonsselskap, Normisjon og Misjonsalliansen laga mot slutten av 2005 kvar si skisse til ei ungdomsreise til eit misjonsprosjekt. Det valte ungdomsrådet i bispedømet fekk sjå skissene på møtet sitt første helga i januar. Tilboda som "konkurrerte" var ein tur til India med Normisjon, til Kamerun med NMS og til Ecuador med Misjonsalliansen. Ungdomsrådet kåra sin favoritt – og vinnaren blei NMS og reisa til Kamerun. Ungdomstinget som samlast i april, skal jobbe vidare med saka. Ungdom som blir med på reisa, får ei oppleving for livet! Dei får bli med misjonærar på jobb og oppleve misjonsarbeid på nært hald, dei får dra på safari og overnatte i naturreservat, oppleve folkeliv og folkeferd, og kanskje får dei også vener blant kamerunesisk ungdom. Bispedømet vårt har ei samarbeidsavtale med Sud-Ouest synoden i Kamerun, og reisa blir ein fin måte å følgje denne avtala opp på.



**Jenter frå Kamerun. Kamerun er reisemålet når ungdommane i bispedømet vert inviterte med på "misjonsreise" i 2007. Foto: Trond Hjorteland/NMS arkiv.**

Me vonar at reisa skal gå av stabelen vinteren 2007. Prosjektet skal følgjast opp i for- og etterkant av sjølve reisa slik at ungdommane får eit så godt utbytte av reisa som mogleg. Når programmet er klart, vil det gå ut ein reiseinvitasjon til alle ungdom i heile bispedømet.

# La ungdommen bli hørt!

AV ERIK WESSMAN

**Jeg har sagt det før og jeg sier det igjen: Ungdom er en naturlig del av dagens kirke – og det er de som skal overta morgendagens.**



Full jubel for Ungdomstinget.

Det er nødvendig at ungdommen blir hørt – og at de får muligheter til å prege menigheten de hører til!

For at kirken skal bestå – og vokse! – er det nødvendig at vi tar vare på de ungdommene som allerede er hos oss, samtidig som vi legger til rette for at flere ønsker å komme til kirken. De som best kan forklare oss hvordan vi som kirke skal få dette til, er ungdommen selv.

Agder og Telemark bispedømmeråd arrangerte i 2004 Ungdomstinget for første gang på et par tiår. Ungdomstinget er et rådgivende organ for biskop og bispedømmeråd. 21.-23. april samles på nytt inntil to personer mellom 15 og 30 år fra hver menighet, denne gang treffes vi i Fjære menighet.

Menighetsrådet betaler reise og opphold for delegatene.

Ungdomstinget er ikke en vanlig leir. Det er en inspirasjonssamling for deltakerne og en mulighet til å knytte kontakter med ungdom fra andre menigheter. I tillegg får deltakerne informasjon om mye av det som skjer i den norske kirke, og de får uttale seg om saker som angår dem selv og kirka de er en del av. Mye av tida settes av til dette.

Protokollene fra 2004 og 2005 ligger på hjemmesidene våre og bør leses av alle som er interessert i å ha ungdom i menigheten sin. Veldig mange av tiltakene som blir etterlyst av Ungdomstinget er for øvrig allerede blitt realisert. Det nytter å drømme!

Trekkplaster i år er bandet Dream Pilots, som består av fire musikere i norgeseliten. De ga i fjor ut sin første CD og hadde releasekonsert for 1200 entusiastiske fans på Valle Hovin. Den 21. april spiller de altså på Ungdomstinget! Ikke dårlig!

Ungdomskonsulenten tar gjerne imot kommentarer og spørsmål om saker som har med ungdom å gjøre.

# Alfsam

AV EINAR SAND

**"Alfsam er en kristen klubb for barn og unge som trenger tilrettelagte aktiviteter. Vi tar sikte på oppstart i løpet av våren 2006," forteller diakonen i Grimstad, Arild Vassenden. "Klubblokalet vil være i Fevik kirke, men det er viktig å understreke at Alfsam skal være en del av de lokale menighetenes arbeid."**

Alf er et tilrettelagt klubbkonsept for barn og unge med utviklingshemming og andre særskilte behov, et konsept man har hatt gode erfaringer med både i Porsgrunn og i Kristiansand. Nå er turen kommet til Grimstad/Arendal-regionen.

"Vi fikk en utfordring fra bispedømmet. Samtidig var det ikke vanskelig å se at det var noen barn og unge som ikke fikk det samme tilbudet som andre," forteller Arild videre. "I samarbeid med Geir Brokke fra Acta søkte vi om trosopplæringsmidler og fikk det." Han forteller videre om hovedsakene i Alfsam-prosjektet i Grimstad/Arendalsregionen:

- Klubben skal være et selvstendig tilbud
- Det skal være interaksjon med Sammen-prosjektet i Fjære der de skal se på hva som skal til for at en ungdom som går på Alfsam også skal trives i sin lokale menighet, samt hva en slik integrering vil kreve av den enkelte menighet.
- Prøve ut konseptet over et større område

Klubben har altså fått penger, funnet sted og har et opplegg som de har god erfaring med fra Alf i Porsgrunn og Kristiansand. Men hva med ledere og deltakere?

"Det er det springende punktet akkurat nå," forteller Arild. "I løpet av årets første måneder skal jeg inn i samtlige menighetsråd i Arendal og Grimstad for å informere. Geir jobber i forhold til Acta og Normisjon. Lederne kommer til å få tilbud om opplæring og oppfølging. Ellers har jeg snakket med mange foreldre som savner et slikt tilbud," avslutter en optimistisk diakon som gleder seg til å ta fatt når lederne forhåpentligvis er på plass i løpet av årets første måneder.

B
NORGE P.P.
DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

## Sidan sist

- Agder og Telemark Bispedømmeråd har gjort følgende tilsettinger:
  - Kåre Mjølhus blir ny sokneprest i Lyngdal
  - Thor Kåre Kalvik er tilsatt som sokneprest i Grim
  - Kirsten Tungland og Tone We Breidvik Ellingsen er nyansatte konsulenter på bispedømmekontoret
- Bispedømmerådet har fordelt kr 390.500,- til diakoniprosjekter i ulike menigheter.
- Agder og Telemark Bispedømmeråd godkjente ungdomsprosjektet Roadservice. Roadservice er et landsdekkende tilbud til menigheter om trosopplæring, ledertrening, konsert og økt fokus på en verden i nød.

## Arrangementskalender

**25.01** Prostikurs diakoni/trosopplæring, Sør-Audnedal

**26.01** Prostikurs diakoni/trosopplæring, Kr.sand

**31.01** Prostikurs diakoni/trosopplæring, Arendal

**01.-05.02** Visitas, Grim

**01.02** Prostikurs diakoni/trosopplæring, Skien

**02.02** Prostikurs diakoni/trosopplæring, Seljord

**11.02** Barnelederkurs, Kr.sand

**15.-19.02** Visitas, Austre Moland

**22.02** Bispedømmerådsmøte

**23.02** Møte i nominasjonskomiteen for nytt bispedømmeråd

**09.03** Møte i nominasjonskomiteen for nytt bispedømmeråd

**15.-19.03** Visitas, Risør

**22.03** Fellessamling Samarbeidsråd for menighet og misjon (SMM)

**22.-23.03** Gudstjenestekurs, Skien

**24.03** Bispedømmerådsmøte

**29.03** Barnelederkurs, Porsgrunn

**29.-30.03** Gudstjenestekurs, Kr.sand

Se til Kamerun, be for Kamerun! Det er utrolig lett å bli nærsynt. Jeg vet ikke om andre språk har et ord som tilsvarer vårt "heimføding". I alle fall er dette et ord som stenger utblikket.

I april i fjor inngikk vårt bispedømme en vennskapsavtale med sør-vest-synoden i Den evangelisk-lutherske kirke i Kamerun ved kirkepresidenten Thomas Nyiwe.

Formålet med avtalen er å synliggjøre at vi hører med i en verdensvid kirke, å øke forståelsen for vårt felles misjonsoppdrag, å utveksle gjensidig åndelige impulser og erfaringer og bidra til økt gjensidig forståelse og kjærlighet - og til forbønn og givertjeneste.

Flere av våre menigheter har prosjekter med Kamerun i rammen



av SMM-ordningen. Mitt anliggende nå er å oppfordre til at kirkebønnen i våre gudstjenester har et forbønnsledd for Kameruns folk og kirke! Det binder oss sammen i troen på Kristus og i erfaringen om bønnens velsignelse.

**Hilsen biskop Olav**

Ei av verdiane i bispedømmerådet sin strategi er "Fellesskap i oppgåva". Om du er tilsett, tillitsvald eller friviljug, om vi arbeider i soknet, for fellesrådet eller på bispedømeplan, har vi ei felles oppgåve for kyrkja vår.

Vi skal kvar på vår plass arbeide for at evangeliet vert formidla og at kyrka sine tenester vert utført beste måte.

Eit viktig vilkår for samhandling og fellesskap er kanalar for informasjon og meiningsutveksling. Difor vil vi gi ut informasjonsbladet "Bispedømmenytt". Bladet er lite i omfang og kjem ut 4 gonger i året og vil difor berre fungere som informasjonskanal frå bispedømmekontoret til sokna.

Men vi ynskjer òg tilbakemelding frå dykk, så ring oss på telefon 38105120, eller send brev eller e-mail til oss. Er du i stiftsstaden,



stikk gjerne innom kontoret og hels på, eller spis lunsj med oss.

Eg håper at ein god dialog kan skape godt grunnlag for fellesskapet i oppgåva.

**Helsing stiftsdirektør Tormod**

**Agder og Telemark bispedømmeråd**
Markensgt. 13, 4611 Kristiansand • Tlf. 38105120, fax. 38105121
E-post: agder.bdr@kirken.no • www.kirken.no/agder
Ansvarleg redaktør: Tormod Stene Hansen

- der kyrkjelyden veks

LAYOUT/TRYKK: STAV 38 10 70 80